

Allemannsretten

Ein viktig del av kulturarven vår er å være ute i naturen. Vi har frå gammalt av hatt rett til å ferdest i skog og mark – etter elvene, på innsjøer og i skjærgården – og til fjells uavhengig av kven som eig grunnen.

Allemannsretten gjeld i utmark og inneber at du og har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lukke grunder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tiden 1.1 – 31.10. Ver og varsam med eld– hugs at du ikkje kan tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 – 15.9. Dersom du lager bål i strandkanten – ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk. Med telt kan du fritt overnatte same stad i utmark intil 2 døgn i låglandet, utan å spørje grunneigar. Men hugs at du aldri skal sette opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydde når du dreg.



Skipsmekler Fridtjof Sundt har satt spor etter seg på Skorpo. Slik såg det ut i åra etter første verdenskrig. Frå terrassen var det utsikt til Korsfjorden og Austevoll. Lenger bak ligg musikkhallen med egen kjeglebane. Akustikken i musikkdelen er eineståande, ifølgje musikkespertisen. Foto: UBB-billedsamlingen.


BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som forvaltar over 180 friluftsområder i Bergen og omlandskommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Tysnes, Samnanger, Sund, Radøy og Øygarden. Medlemskommunane har eit samla folketal på omlag 328.000. BOF har 9 fast tilsette. BOF si hovudoppgåve er i samarbeid med medlemskommunene, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for sikring, tilrettelegging og drift av

friluftsområder av forskjellig slag til allment bruk, samt å arbeide for større forståing for friluftslivets verdi, betre friluftskultur og utbreiing av friluftslivet.

Kontakt oss for meir informasjon om friluftsområde, badeplassar, kystledhus, turar langs kyststigar, båtutfartsområde og område for padling med havkajakk og kano. Wesidene våre har informasjon for kvar ein type aktivitet med detaljkart, bilete og brosjyrar.

Bergen og Omland Friluftsråd
Hellebakken 45, 5039 Bergen
Tlf. 55 39 29 50, faks. 55 39 29 59
Nettsider: www.bof.no



Os kommune Skorpo friluftsområde



Søre Tednevågen Foto: BOF



